

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016

Anne Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag (a):

"Krav til lærlingeplassar i rutepakke 1 og 2 skal totalt vere 32 plassar i samsvar med notat frå fylkesrådmannen av 22.01.2016."

Anne Beth Njærheim sette på vegner av V fram slikt oversendingsforslag (b) til fylkesrådmannen:

- "Energikrava må utfordra og gi insitament til å oppnå betre resultat enn konvensjonell teknologi. Dette kan gjerast ved t.d. bruk av ein glideskala for energikrava, der energiskalaen gir ytterlegare utteljing i anbodsvurderinga dess lågare energiforbruket er.
- I vurderinga må driftsregularitet for det enkelte anlegget i ferja inkl. ladeanlegg takast med i vurderinga. Tilbydarar bør setja opp garantiar for driftsregularitet og dersom dette ikkje vert innfridd, må ein kompensere dette økonomisk.
- Energiforbruket må sjåast i ein heilskap, der alla komponentar er optimalisert ut frå eit levetidsperspektiv. Dette inneber alt frå skrogutforming, isolasjonsmateriell, framdriftssystem osb."

Benthe Bondhus (Sp) sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt:

Fylkesutvalet vil understreka at for ferjesamband med vesentleg trafikkauke, må ein vurdera rom for auka kapasitet i anbodsperioden.

For å oppnå best mogleg pris og konkurranse, må det i anbodsdokumenta leggjast inn krav for å regulera avgangar/ferjer på dei aktuelle sambanda."

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

"Tildelingskriteria endrast slik at dei vert gjevne følgjande vekt:

Pris	60 %
Energieffektivitet	15 %
Miljøeffektivitet	25 %"

Røysting

Innstillinga punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteken.

Njærheim sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke.

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, V) og fall.

Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteken.

Njærheim sitt forslag (b) vart mot 2 røyster (Frp) vedteke oversendt utan realitetsbehandling på vegner av forslagsstillaren.

Vedtak

1. I utarbeiding av innhaldet i konkurransegrunnlag for nye ferjeanbod har ein funne løysingar som ivaretak behovet for eit godt og stabilt ferjetilbod i fylket. Dette er balansert mot samstundes å oppfylle ambisjonar om reduserte utslepp og halde seg innanfor realistiske økonomiske rammer.
2. Når det gjeld ambisjonsnivå for reduserte utslepp, legg fylkesutvalet 2-gradarsmålet som ambisjonsnivå (alternativ 2) til grunn for rutepakke 1 og 4. Det same gjeld for dei resterande

rutepakkane, såframt ein får statleg tilskot.

Ei eventuell justering av krava til miljø- og energieffektivitet, og/eller det viser seg at ein ikkje får tilstrekkeleg statleg tilskot, vert saka lagt fram for politisk handsaming på ny.

3. Krav til lærlingepllassar i rutepakke 1 og 2 skal totalt vere 32 plassar i samsvar med notat frå fylkesrådmannen av 22.01.2016.
4. Fylkesutvalet vil understreke at for ferjesamband med vesentleg trafikkauke, må ein vurdere rom for auka kapasitet i anbodsperioden.

For å oppnå best mogleg pris og konkurranse, må det i anbodsdokumenta leggjast inn krav for å regulere avgangar/ferjer på dei aktuelle sambanda.

5. Fylkesutvalet sluttar seg elles til tilrådingane i saka.